

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.10.2018

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) Bergen er eit viktig dokument som stor grad følger opp mål i Regional planstrategi - Utviklingsplan for Hordaland.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* er i hovudsak positiv til endringane som er gjort og vurderer at *bestemmelsene* har blitt supplert og forbetra på fleire viktige punkt.

2. **Handel**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelser* knytt til handel vert justert for å hindre presedens og sikre føreseielege planprosessar. Motsegn knytt til handel kan trekkjast når ordlyden er endra i samsvar med vårt innspel.

Retningslinje med endring må inn i *bestemmelsene*:

For ny eller samlet handel med bruksareal over 3000 m<sup>2</sup>, kreves det samtykke fra fylkeskommunen før tiltaket kan tillates (gjennom regulerings- eller byggesaksbehandling).

Endring av bestemmelser:

3. *Større lokalsentre (S13, S23, S25, S26 og sentrumskjerne Nyborg): Detaljhandel tilpasset handelsområdet tillates. Det skal utarbeides handelsanalyse før det gis tillatelse til ny handelsvirksomhet. For S26 og sentrumskjerne Nyborg kan det i tillegg tillates som krever større gulvareal enn det som lar seg innpasse i øvrige sentrumskjerner handelsvirksomhet som kan ha hele eller større deler av bydelen som handelsomland.*

4. *Øvrige lokalsentre: Det tillates dagligvarehandel og mindre handelsvirksomhet for nærmiljøet.*

*Kvalitetskrav : Handelsvirksomhet skal ha åpne fasader mot sentrale gater og Byrom og underordne seg bystrukturen.*

3. **Berekraftig transport**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg til rette for sykkel og gange på ein god måte. For å sikre at areal til ny infrastruktur for kollektivtransport vert ivaretatt, må dette vurderast tidleg i planprosessane.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelsene* vert endra i samsvar med fylkesrådmannen sin tilråding i §4 *Rekkefølge* og i §16 *Mobilitet*.

4. **Universell utforming**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at universell utforming er viktig for å skape bygde omgjevnader med likeverdige og inkluderande løysingar for alle.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelsene* vert konkretisert og rammer for universell utforming vert tydeleggjort i samsvar med fylkesrådmannen sin tilråding. Dette gjeld §8 *Byform og Arkitektur*, §16 *Mobilitet*, §14 *Uteoppholdsareal*, §15 *Universell utforming*, §17 *Parkering* og §26.3 *Sone 2 Byfortettingssone*.

5. **Kulturminne og kulturmiljø**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Bergen kommune har endra føresegna som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne- og kulturmiljø og konfliktpotensiale er redusert.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at Bergen kommune oppdaterer grunnkartet i tråd med kulturminnelova § 6 og inkludere den automatisk freda fem meters sikringssona rundt kvart kulturminne.